



Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/906 - 15/6566

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

07.04.2015

Fritak frå krav om tilkopling til kommunale vass- og avlaupsleidningar (pbl§§27-1 og 27-2)

Viser til epost frå 20. mars 2015.

Meland kommune har eit eige prinsippvedtak om tilknytning til kommunale vass- og avlaupsanlegg. Prinsippvedtaket ligg som vedlegg til dette skrivet, og sjølve vedtaket ser slik ut:

23.01.2008 KOMMUNESTYRET

KS-010/08 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Kommunestyret godkjenner at følgjande retningslinjer vert lagt til grunn for tilknytning til kommunalt vass- og avlaupsleidning i LNF-område og i uregulerte område.

1. Alle eigedomar som ligg innafør ein avstand av 200 m frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilknytning med heimel i Plan- og bygningslova prg. 65 for vatn, og prg. 66 pkt. 2 for avlaup. Det same gjeld for grupper av eigedomer der felles stikkleidning/ greinleidning summert med inntil 200 m pr. eigedom ligg innafør denne avstanden. (Dvs. ei gruppe på 5 eigedomar kan såleis ha ein samla felles leidning og enkeltleidning på inntil 1000 m og då få krav om tilknytning).
2. Tilknytning skal så langt som råd skje frivillig utan bruk av tvangsmidlar.
3. Tilknyttinga må vera gjennomført innan 3 år frå den tid hovudleidningen som det vert tilknytt til, vert tatt i bruk.
4. Tilknytning skal skje etter søknad frå ansvarleg røyrleggjar og skal vera godkjent av kommunen før tilknytning skjer. Betaling av gebyr skal skje frå tilknytningstidspunktet oppgitt av røyrleggjaren.
5. Etter søknad kan det gjevast unntak frå tilknyttingskravet. Unntak kan gjevast grunna særlege årsaker slik som er nemnd i vurderinga frå administrasjonen.
6. Retningslinjene vert gjort gjeldande straks."

Meland kommune har i dag ein tilknyttingavgift på 10 000 kr eks. mva for tilknytning til kommunalt vassanlegg og 10 000 kr eks. mva for tilknytning til kommunalt avlaupsanlegg. Den samla kostnaden for den

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

enkelte grunneigar for tilknytning vil variere. Prinsippvedtaket slår ikkje fast kva den maksimale kostnaden kan vere, men antyder 100 000 kr. Det som vert slått fast i vedtaket er at bustader som ligg inntil 200 m frå leidninga skal knytast til. I praksis vert dette praktisert som 200 m frå næraste kum, ettersom kommunen krever at alle tilknytningar skjer i kum.

Kommunen har i nokre få tilfeller gjeve fritak/utsetting frå krav om tilkopling, men vi har ikkje ein stor praksis på området. Prinsippvedtaket seier følgjande om unntak:

I særskilde tilfelle bør det kunne søkjast om unntak frå retningslinene. Særskilde tilfelle må vera ekstraordinære vanskelege terrengtilhøve slik at kostnaden vert vesentleg høgare pr. m. enn nemnd ovanfor, eller at vedk. eigedom for kort tid sidan har investert i eige kostbart anlegg som gir god vasskvalitet og som i tillegg vil få ein lang stikkleidning.

I praksis har ein større investering i eige borehol vore noko som kommunen har gjeve fritak for.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

PRINSIPP FOR TILKNYTNING TIL KOMMUNALT VASS- OG KLOAKKANLEGG I UREGULERTE STROK. (L)(318779)

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunal- og
samfunnsplanavde
linga